

Forskrift om skulefritidsordninga ved barneskulane i Bømlo kommune

Heimel:

Fastsett av kommunestyret x.x.2025 med heimel i lov 9.juni 2023, nr 30 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 4-5 femte ledd.

§1 Eigarforhold

Bømlo kommune eig og er ansvarleg for drifta av skulefritidsordning (SFO) på Gilje skule, Hillestveit skule, Meling skule, Moster skule, Svortland skule, Rubbestadneset skule, Svortland skule og Våge skule. SFO vert drifta av den einskilde skule.

SFO er organisert under tenesteområde oppvekst, kultur og idrett.

Rektor ved skulen har det overordna administrative og økonomiske ansvaret for ordninga. SFO ved kvar skule som har fleire enn 20 barn, har i tillegg ein dagleg leiar.

Kommunestyret har det politiske ansvaret for forvaltninga av skulefritidsordninga i kommunen.

§2 Opptaksmyndigheit

Rektor ved den einskilde skule er opptaksmyndigheit til SFO.

§3 Opptakskriterium

Alle barn det er søkt SFO plass for innan søknadsfristen, får i utgangspunktet plass. Elevar på 1.-3. trinn har rett til plass i gratis kjernetid, når det er søkt innan søknadsfristen. Barn med særskilte behov på 5.-7. årstrinn kan få plass etter søknad.

Barn som det vert søkt plass for etter søknadsfrist, kan få plass dersom SFO tilbodet har kapasitet til det. Det er ingen rett til SFO plass for søknader som kjem etter søknadsfrist/i løpet av skuleåret.

§4 Opptaksperiode, oppseiing og endring

Opptak

Søknad om opptak ved SFO skal gjerast elektronisk på skjema i det skuleadministrative systemet for skule (Vigilo). Informasjon om dette finnest på heimesida til skulen.

Søknadsfristen er 1.april.

Opptak etter hovudopptaket blir vurdert viss det er plass.

Eleven kan stå på venteliste for plass.

Opptaksperiode er som elevane sitt skuleår.

Det er ikkje høve til individuelle tilpassingar av SFO plassen for elevar på 1.-4. trinn.

Feriepakkar

Feriepakkar må bestillast særskilt, og gjeld for dei som har plass i ordninga.

Ein kan søka om enkeltdag. Dette gjeld for dei som har plass i ordninga.

Ordninga om 12 timer gratis SFO i veka gjeld ikkje ved kjøp av enkeltdag.

For elever med særskilte behov, er søknadsfristen for enkeltdag og feriepakke komande semester: 1. mai for hausthalvåret og 1. oktober for vårhalvåret.

Oppseiing

Ved oppseiing av plass i SFO skal det betalast for inneverande månad pluss neste månad etter oppseiingsdato. Eleven kan nytta tilbodet i oppseiingstida.

§5 Foreldrebetaling

Betaling

Det er 12 timar gratis SFO for elever på 1. til 3. årstrinn som har plass i SFO ordninga.

Regjeringa har våren 2025 på høyring *forslag om å lovfeste en rett til 12 timer gratis skolefritidsordning for elever på 1. til 3. trinn*. [Høring av forslag om å lovfeste en rett til 12 timer gratis skolefritidsordning for elever på 1. til 3. trinn - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/lovforordning/2025-01-10-12-timer-gratis-skolefritidsordning-for-elever-pa-1-til-3-trinn)

For elever med særskilte behov på 5. til 7. trinn er tilbodet gratis jf § 2-3 i forskrift til opplæringslova.

Betalingssatsar for SFO blir vedteke i kommunestyret i samanheng med budsjettbehandlinga.

Betalinga vert fordelt på 10 fakturaer, første i september og siste i juni. Betalingsfri månad i juli og august.

SFO kan krevja betalt for ekstra kostnader som SFO har for elever som bli henta etter stengetid.

Om foreldrebetalinga blir misleghaldt, kan barnet mista plassen i SFO.

Redusert foreldrebetaling

Søskenmoderasjon på 25% vert gitt frå barn nr 2.

Familiar med låg inntekt kan søka om redusert foreldrebetaling for SFO-plass for barn i 1.-4.trinn, jf opplæringsforskrifta § 2-4. Informasjon om søknadsskjema ligg under SFO på kommunen si heimeside.

Prisane for SFO frå august gjeld heile skuleåret.

Rett til gratis skuleskyss

Rett til gratis skuleskyss er regulert i opplæringslova § 4-1.

Retten til gratis skuleskyss gjeld til skulen sine start og slutt-tider, ikkje til SFO sine start og sluttider.

Rett til gratis skuleskyss gjeld for elevar på 1. trinn som bur meir enn 2 km frå skulen, for elevar på 2.-10. trinn som bur meir enn 4 km frå skulen, for elevar med medisinsk skyss, for elevar som nyttar båttransport og for elevar med kortare veg enn 2 km/4 km kor vegen er vurdert til å vera så særleg farleg og vanskeleg at eleven ikkje kan meistra den.

Elevar som har over 2 km/4 km skuleveg der det går fleire bussruter som er offentlege og tilgjengelege for publikum, vil kunna nytta busskortet sitt på andre ruter enn berre den skuleskyssen som er knytt til skulestart og skuleslutt:

Elevar med rett på skoleskyss får to skoleskyssbilletter kvar dag. Éin frå heim til skole som kan nyttast i tidsrommet kl. 06:00-12:00, og éin frå skole til heim som kan nyttast i tidsrommet kl. 12:00-19:00 for elevar ved barne- og ungdomsskole. (Skyss.no)

Denne retten gjeld ikkje for elevar som har skuletransport med taxi, der er skyssretten berre knytt til skulen sine start og sluttider. Desse kan ikkje nytta skyss til og frå SFO.

Redusert rett til gratis skuleskyss etter skuletid for elevar på 1.-3. trinn med særleg farleg og vanskeleg skuleveg som nyttar seg av gratis SFO plass

Frå august 2025 får alle elevar på 1.-3. trinn rett til gratis SFO tilbod på 12 timar pr veke, når dei har søkt innan søknadsfristen. På alle barneskulane i Bømlo kommune er tilbodet om gratis SFO frå skuleslutt til kl 15:30/45.

Det er kommunen som gjer vedtaka om rett til gratis skuleskyss grunna særleg farleg og vanskeleg skuleveg når avstanden mellom heim og skule er under 2km/4 km. Retten gjeld til skulen sine start- og sluttider.

Sidan det ikkje er rett til gratis skuleskyss til og frå SFO, vil elevar med særleg farleg og vanskeleg skuleveg som nyttar det gratis SFO tilbodet etter skuletid, ikkje lenger få kommunalt vedtak om rett til gratis skuleskyss om ettermiddagen. Desse elevane vil berre få kommunalt vedtak om gratis morgonskyss til skulen.

Når føresette søker om gratis SFO tilbod på ettermiddag for eleven, fell retten til gratis skyss om ettermiddagen bort for elevane som har morgonskyss på grunn av særleg farleg og vanskeleg skuleveg kor avstanden mellom heim og skule er under 2 km/4 km.

§6 Leike- og opphaldsareal

SFO disponerer eigne lokale på nokre av grunnskulane, på andre skular nyttar SFO klasserom og spesialrom. I tillegg har dei tilgang til skulen sine ledige lokale og uteareal.

Det fysiske miljøet skal fremja inkludering, trivsel og læring jf. opplæringslova § 12-2.

§7 Dagleg opphaldstid og årleg opningstid

Skuleåret følgjer skuleruta. SFO har i skuleåret ope måndag til fredag.

Alle skulane har eit SFO tilbod frå skuleslutt og til kl 15:40. Denne SFO tida er gratis for elevar på 1.-3. trinn, og vert kalla SFO kjernetid. Elevar på 4. trinn kan kjøpa 12 timars kjernetid.

For at det skal vera eit SFO morgontilbod på skulen, må det etter søknadsfrist i april vera påmeldt 12 eller fleire barn til ordninga. Berre skular med 12 eller fleire barn påmeldt vil

tilby morgon SFO frå kl 07:00 til skulestart. Skular med færre elevar påmeldt vil ikkje ha tilbod om morgon SFO det skuleåret som søknaden gjaldt.

Det same gjeld for SFO ettermiddagstid, som er frå kjernetida sluttar og fram til kl 16:00 (Kjernetid: dei 12 timane med gratis SFO tid for 1.-3. trinn). Ved søknadsfrist må det vera påmeldt 12 eller fleire barn for at det SFO tilbodet skal bli gitt på skulen om ettermiddagen det skuleåret søknaden gjeld for.

Felles SFO på Svortland skule

For haustferie, vinterferie, kvardagar i jule- og påskeferie, tida frå skuleslutt i juni og ut månaden, samt kvardagar i august før skulestart, kan elevar som har SFO plass kjøpa feriepakkar ved SFO på Svortland skule.

Det er eiga påmelding for slike feriepakkar, som det vert gitt informasjon om saman med påmeldingsfrist i forkant av ferie og fridagane.

SFO er stengd julafta, nyttårsafta, onsdag før skjærtorsdag, i juli månad og på skulen sine planleggingsdagar i skuleåret.

§9 Personalet og leiing

Rektor ved skulen er SFO sin øvste leiar.

SFO-leiar har ansvar for den daglege drifta av ordninga jf. forskrift om rammeplan for skulefritidsordningar § 1.

SFO-leiar skal ha relevant pedagogisk utdanning.

Anna bemanning i SFO vert tilsett slik at drift er forsvarleg ut i frå brukarar med særskilte behov, og behovet til gruppa generelt. Fagarbeidarar i helse og oppvekstfag og miljørettleiarar i skule innehar kompetansen som vert etterspurt.

Rettleiande minimumsnorm for bemanning i skulefritidsordninga er 12 barn per tilsett med auke til 1,5* vaksen per 24 barn.

**1,5 vaksen: i eit tidsrom (t.d. 2 timar) med mellom 12 og 24 barn, kan det halve tida vera 1 vaksen og halve tida vera 2 vaksne; = 1,5 vaksen.*

§10 Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft x.x. 2025

Forskrifta erstattar Vedtekter og plan for SFO i Bømlo kommune, vedteken 2022.